


2020 - 2024

# Folkehelseoversikt Vanylven kommune



Framsidefoto: Renate Hatlegjerde

Politisk behandling:

Sak: XXXXX Vanylven kommunestyre 6.september 2021

# Innholdsliste

<b>Innleiing.....</b>	<b>2</b>
• Organisering av arbeidet.....	2
• Kjelder til kunnskapsgrunnlaget.....	2
• Tema i oversikt over folkehelsa.....	3
• Folkehelseoversikta for Vanylven kommune som dokument.....	3
• FNs berekraftsmål.....	4
• Samandrag.....	4
 <b>BefolkningsSAMANSETNING.....</b>	 <b>6</b>
• Hovudtrekk for Vanylven kommune.....	6
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	7
• Berekraftsmål.....	7
• Folketalsutvikling og samansetnad.....	7
• Innvandrarbefolknig.....	9
• Forsørgarbrøk.....	10
• Skilsmisser og personar som bur åleine.....	10
 <b>Oppvekst- og levekårsFORHOLD.....</b>	 <b>11</b>
• Hovudtrekk for Vanylven kommune.....	11
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	12
• Berekraftsmål.....	12
• Utdanning.....	12
○ Barnehage.....	12
○ Skule.....	13
○ Trivsel.....	14
○ Mobbing.....	15
○ Familie- og læringssenteret.....	15
○ Utdanningsnivå.....	16
• Arbeid.....	17
○ Yrke.....	17
○ Pendling.....	18
○ Sjukefråvær.....	18
○ Uførretrygd.....	19
○ Arbeidsløyse.....	20
• Inntekt.....	20
• Lovbrot.....	21
• Lokalmiljø - bustad.....	22
 <b>Fysisk biologisk, kjemisk og sosialt miljø.....</b>	 <b>23</b>
• Hovudtrekk for Vanylven kommune.....	23
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	24
• Berekraftsmål.....	24
• Fysisk miljø.....	24
○ Tilgang til natur.....	24
○ Gang- og sykkelveg.....	24
• Biologisk miljø.....	25
○ Smittsame sjukdomar.....	25
○ Bruk av antibiotika.....	25
○ Vaksinasjonsdekning.....	25
• Kjemisk miljø .....	26
○ Drikkevatn.....	26
○ Støy.....	26
○ Luft.....	26
○ Miljøgifter og stråling.....	26
• Sosialt miljø.....	27
○ Møtestadar.....	27
○ Universell utforming.....	27
○ Valdeltaking.....	28
 <b>Skader og ulykker.....</b>	 <b>29</b>
• Hovudtrekk for Vanylven kommune.....	29
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	30
• Berekraftsmål.....	31
• Trafikkulykker.....	31
• Vald og mishandling.....	31
• Skader behandla i sjukehus.....	32
• Arbeidsskader.....	32
 <b>Helserelatert åtferd.....</b>	 <b>33</b>
• Hovudtrekk for Vanylven kommune.....	33
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	34
• Berekraftsmål.....	34
• Tobakksvander.....	34
• Fysisk aktivitet.....	35
• Overvekt og fedme.....	36
• Kosthald.....	36
• Rusmiddel.....	38

• Skjermbruk.....	38
• Søvn.....	38

**Helsestilstand.....39**

• Hovedtrekk for Vanylven kommune.....	39
• Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa.....	40
• Berekraftsmål.....	40
• Levealder og dødlighet.....	40
• Psykisk helse.....	40
• Hjarte- og karsjukdomar.....	41
• Kreft.....	42
• KOLS og astma.....	42
• Muskel og skjelett.....	42
• Demens.....	43
• Tenner og oral helse.....	43
• Eigenvurdert helse.....	43

**Kjelder:**

Barnehagefakta.no

Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019

Folkehelseinstituttet (fhi.no)

Folkehelse og berekraftig samfunnsutvikling, Rapport IS-2748. Helsedirektoratet

Folkehelseprofil for Vanylven kommune 2020

Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal

Helsedirektoratet.no

Kommunehelsa statistikkbank

Skoleporten.udir.no

Statistisk sentralbyrå

Ungdata undersøkingar i Vanylven i 2013, 2016 og 2019


Vanylven.kommune.no

## Innleiing

Samfunnet er i stadig endring, noko som fører til nye utfordringar og nye moglegheiter.

Folkehelselova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid og skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helse og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Kommuna skal fremje folkehelse innan dei oppgåvane og med dei verkemidla kommunen har.

For å kunne legge til rette for langsiktig og systematisk folkehelsearbeid er det ein føresetnad at kommunen har kunnskap om helseforholda i befolkninga. I folkehelselova § 5 står det at kommunen skal ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei positive og negative faktorane som kan påverke den. Dette for å sikre kunnskapsbasert og strukturert arbeid. Denne kunnskapsoversikta dannar eit viktig grunnlag for prioritering av planarbeid i kommunestyreperioden. Det er viktig å definere utfordringane slik at kommunen lettare kan prioritere kva utviklingstrekk vi må reagere på og bruke ressursane på dei neste åra. Figuren under er henta frå Helsedirektoratet og illustrerer det systematiske folkehelsearbeidet.



Alle sektorar i samfunnet har eit ansvar for å bidra til ei positiv samfunnsutvikling. Aaron Wildavsky (1979) meinte at helsetenesta (legar, medisin og sjukehus) kan avhjelpe 10 prosent av folk sine helseproblem. Dei resterande 90 prosenta må samfunnet og fellesskapet ta seg av.<sup>1</sup>

## Organisering av arbeidet

Arbeidet med folkehelseoversikta har vore eit interkomunalt samarbeid med representantar frå kommunane Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta samt Høgskulen i Volda. Det har vore fire samlingar i denne interkommunale gruppa. Frå Vanylven er det kulturrådgjevar, helsejukepleiar og folkehelsekoordinator som har hatt ansvaret for oversiktsarbeidet. I tillegg til innsamling av kvantitative data har det vore gjennomført fleire kvalitative intervju i forbindelse med utarbeiding av folkehelseoversikta. Innsamlinga av kvalitative data har i hovudsak foregått i 2019/2020.

## Kjelder til kunnskapsgrunnlaget

For at data skal bli kunnskap må datagrunnlaget som har vorte samla inn settast i ein samanheng. Det gjeld både kvantitative og kvalitative data. Det har difor vore samla inn data frå ulike databaser

<sup>1</sup> Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019.

som SSB, kommunehelsa statistikkbank, Ungdata, lokale elevundersøkingar med fleire, før vi gjennom kvalitative intervju har fått ulike perspektiv knytt til tala. Data har vorte tolka og forstått i ein samanheng, basert på fagleg kunnskap og kompetanse, skjønn og lokale forhold. På denne måten meinar vi å kunne presentere eit samla kunnskapsgrunnlag, dog ikkje uttømmande. Så må vi også ta med oss at data er i stadig endring. Folkehelseoversikta må difor vere eit levande dokument og det vil arbeidast for ei digital løysing i tida framover.

## Tema i oversikt over folkehelsa



FIGUR 1: FIGUREN VISER KORLEIS TEMA I OVERSIKTA KAN HENGE SAMAN

Kunnskap bør ligge til grunn for både politikkutforming og praksis innan folkehelsearbeidet. Føremålet med oversikt over folkehelsa er:

- Å lage eit grunnlag for avgjerder retta mot det «daglege folkehelsearbeidet»
- Å lage eit grunnlag for avgjerder i samband med langsiktig planlegging som òg er knytt opp mot prosessane i plan- og bygningslova

## Folkehelseoversikta for Vanylven kommune som dokument

Data som vert samla inn til slike dokument som folkehelseoversikta, er i stadig endring. Såleis vil det ikkje vere tenleg med eit dokument der mykje statistikk vert presentert, då det fort vil verte utdatert. I dette arbeidet er det difor lagt større vekt på dei store linjene og utvikling for så å få fram samanhenger og peike på det som utpeikar seg som dei større utfordringane for kommunen. Noko data vil verte presentert, men lesarar som treng oppdatert og meir informasjon vert bedne om å gå på ulike sider på nett. For eit raskt overblikk kan SSB si side kommunefakta Vanylven kommune vere ein god start. Også folkehelseinstituttet si kommunehelsa statistikkbank inneheld mykje informasjon og er lett å navigere i.

På bakgrunn av dette må som nemnt i innleiinga folkehelseoversikta vere eit levande dokument og vi vonar det vil vere ei digital framstilling på plass i løpet av dei komande åra.



For kvart kapitel i dette oversiktsdokumentet vert det peika på kva berekraftsmål som særleg vert påverka av folkehelseutfordringane i kommunen. Eit viktig fokus innan folkehelsesarbeidet er å dreie fokus frå reparering/behandling til helsefremjing og førebyggng.

## Samandrag

Ein viktig ressurs for kommunen er innbyggjarane og deira helse. Difor er oversikt og kunnskap om folkehelsa viktig. Dette dokumentet er meint å vere eit grunnlagsdokument for dei som skal gjere val som påverkar kommunen vår. Det peikar på utfordringar og kvar vi kanskje bør sentrere innsatsen for å ha ei god folkehelse i tida framover, utan at vi kjem med forslag til konkrete tiltak. Tiltak og prioritering skal skje gjennom det ordinaære plan- og budsjettarbeidet. God helse er FNs berekraftsmål nr. 3, men alle berekraftsmåla knytt til samlegruppa «sosiale og menneskelege» vil påverke folkehelsa, til dømes utdanning og likestilling.

Dei store folkehelseutfordringane i Norge i dag kjem ikkje lenger i frå smittsame sjukdommar, men frå livsstilsjukdommar. Overvekt, fedme, hjarte- og karlidingar, kreft, kols, rus og psykiske lidningar er dei viktigaste utfordringane på nasjonalt nivå, og vi har ikkje grunnlag for å tru at dette er annleis i Vanylven kommune. Helsetilstanden i Norge har blitt mykje betre gjennom det siste århundret. For kvart tiår har gjennomsnittleg levealder auka med 2-3 år, og forventa levealder i Vanylven ligg litt over nasjonalt nivå.

### Befolkingssamsetning:

Vanylven er ei kommune med høg prosent eldre og ei negativ utvikling i folketalet. Framskrivingane til 2040 viser at det vil vere flest i aldersgruppa 65 år og eldre om to tiår, samanlikna mot barn og vaksne i arbeidsfør alder. Isolasjon og einsemd er ei utfordring for denne gruppa. Depresjon blant eldre er svært vanleg. WHO har uttalt at depresjon blir den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning i komande år, særleg grunna aukande tal eldre.

Vanylven vil etter framskrivingane ha ein høg forsørgarbrøk.

### **Oppvekst- og levekårsforhold:**

Det å skape gode oppvekst- og levekårvilkår er det viktigaste vi kan gjøre for å få ei god folkehelse. Ungdata syner god trivsel på skulen og at ungdomane kjenner seg trygge i lokalsamfunnet. Samstundes er det ei auke i elevar som opplever mobbing, samt ei auka bekymring rundt illegale rusmiddel. Samanlikna med omliggande kommunene ligg Vanylven høgt i forhold til andel uføretrygda og andel som mottek stønad til livsophold. Av desse igjen er det ein relativt stor del som er unge vaksne. Utdanningsnivået til innbyggjarane i Vanylven er av dei lågaste i fylket.

### **Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø:**

I Vanylven er det god tilgang til natur og det er låg forureining i form av støy og luft. Reint drikkevatn er livsnødvendig, og om lag 50% av innbyggjarane er tilknytt kommunalt vassverk som leverer god vasskvalitet. Av dei private vassverka vert det av Mattilsynet arbeidt med ei registreringsordning av vasskvaliteten. Kommunen ligg i eit generelt lavrisikoområde for radonførekommstar, og målingar stadfestar dette. Vaksinasjonsdekninga i kommunen er lågare enn landet og kringliggende kommuner. Fleire aldersgrupper av inbyggjarane i kommunen ønsker fleire møtestadar og betre kollektivtransport for å kome seg fram. Sosial tilknyting, tilhørighet og kulturoppleveling er viktige førebyggande tiltak for den psykiske helsa.

### **Skader og ulykker:**

Vanylven har ein «0 drepne og 0 hardt skadde» visjon på trafikkulykker. Talet på omkomne i trafikken i Vanylven er låg. Vanylven ligg litt høgare enn landet og fylket på antal skader. Auka i hoftebrot for aldersgruppa 75 år + er markant, og ligg no litt over snittet for fylket og landet.

### **Helserelatert åtferd:**

Vanylven ligg høgt på antall som snusar på ungdomsskulen. Ungdomane i kommunen ligg også høgt på skjermbruk og ungdom som oppgir at dei har hatt søvnproblem. Gjennom ungdataundersøkinga ser vi også ei auke i bruk av alkohol, i tillegg til at det gjennom kvalitative intervju var fleire som var bekymra for bruk av illegale rusmiddel i kommunen. Ungdom i Vanylven ser ut til å ha eit noko lågare aktivitetsnivå enn landet og fylket forøvrig. Målingar gjort på barn og unge frå 4 årsalderen og gjennom grunnskulen syner ei bekymringsverdig auke i overvekt og fedme. Det kan tyde på at denne utviklinga startar på mellomtrinnet og utviklar seg negativt fram til ungdomsskulen.

### **Helsetilstand:**

Som elles i landet ser ein også i Vanylven ei tydeleg auke av einsemd, psykiske plager og symptom, samt auke i bruk av legemiddel for desse symptomata. I perioda med nedstenging og restriksjonar i høve smittevern grunna covid-19 har kommunen hatt ei auke i henvendingar på barn og ungdom relatert til psykisk helse. Noko er nye henvendingar, men ein stor del er henvendingar i forhold til dei som har hatt det vanskeleg før covid -19. Vanylven ligg høgare enn landet og fylket på dødelegheit knytt til hjarte- og karsjukdom, og har også ei auke i førekomensten av KOLS og astma. Vanylven ligg høgt på førekomensten av muskel- og skjelettlidingar, både blant unge og vaksne. Forventa levealder i Vanylven er litt høgare enn landsgjennomsnittet. Denne oversikta tek i hovudsak for seg utfordringar i kommunen, men det er viktig å hugse på at fleirtalet i Vanylven har god helse og er friske.

## **Befolkingssamsetning**



Den viktigaste ressursen for framtidig samfunnsutvikling i Vanylven kommune er innbyggjarane. Med befolkingssamsetning meiner ein grunnlagsdata om befolkninga. Det kan omfatte antall innbyggjarar, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster osv. Denne type informasjon er viktig i vurdering av øvrig informasjon, men kan også vere vesentleg i seg sjølv som ein del av utfordringsbilete for folkehelsa i kommunen. Vekst i befolkninga er avgjeraende for kommunen sit inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft. Utviklinga i befolkingssamsettinga vil kunne påverke strategiske vegval som inkluderer folkehelse. (Helsedirektoratet)

### **Hovedtrekk for Vanylven**


- Folketalet i Vanylven kommune minkar og framskrivingar viser at dette vil fortsette
- Kommunen har låge barnetall og ein høg andel eldre
- Det vil verte fleire eldre i kommunen og færre vaksne i arbeidsfør alder. Dette gjer at Vanylven har ei høg forsørgarbyrde

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

Betre levekår og medisinske framsteg er noko av årsakane til auka levealder, men med auka levealder aukar også risikoen for kroniske sjukdomar. Befolkingssamansetninga i ei kommune er viktig for utviklinga til kommunen og korleis det offentlege skal planlegge tenstetilbodet sitt. Det er eit mål at den eldre delen av innbyggjarane skal få fleire år med god helse og gjennom tilrettelegging og kvardagsrehabilitering kunne bu i eigen heim og fortsette å vere ein ressurs for samfunnet.


Ut i frå framskrivingane vil Vanylven kommune vil få ei høg forsørgarbyrde for dei i arbeidsfør alder. Det er difor viktig å arbeide målretta for å gjere Vanylven til ei attraktiv kommune å busette seg i. Samstundes må ein tenke nytt i forhold til velferdsteknologi og tenestetilbodet ein har i dag for å stette behova som vil kome i åra framover.

## Berekraftsmål



## Folketalsutvikling og samansetnad


Folketalsutviklinga påverkar samfunnsutviklinga og innbyggjarane er Vanylven kommune sin viktigaste ressurs for framtidig samfunnsutvikling. Vanylven kommune har ei negativ utvikling i folketalet. Folketalet går ned og Vanylven har ei befolkning med høg andel eldre. Forventa levealder i Vanylven er høgare enn det er i landet og fylket, 80,2 år for menn og 85 år for kvinner.



FIGUR 2: FRAMSKRIVING PÅ FOLKETALL FOR VANYLVEN KOMMUNE. KJELDE: SSB


Per 3.kvartal 2020 bur det 3110 personar i Vanylven. Vi ser i framstillinga frå SSB at det er færre i aldersgruppa fram til 50 år og fleire som er 50+. Det er ganske jamt fordelt på kjønn. Framskrivningane tyder på nedgang i folketalet for Vanylven.

### Aldersfordeling per 1. januar 2020



Befolking, Statistisk sentralbyrå


Årsaker til endring i folketalet i Vanylven.



Som det kjem fram frå diagrammet har det det siste tiåret vore fødselsunderskot. Det vil seie at fleire personar i kommunen har døydd enn det har vorte fødde barn. Vi ser også at det er fleire som har flytta frå kommunen enn til dei siste ti åra, med unntak av 2015. I 2015 tok Vanylven imot flyktningar.


## Innvandrarbefolkning

Vanylven har ein låg prosentdel innvandrare i kommunen. Andelen har auka smått, frå 2010 med 4,5% til 6,9% i 2020. Dette er den nest lågaste andelen i fylket. Det er fleire kvinner enn menn i Vanylven med innvandrarbakgrunn.



## Forsørgarbrøk

SSB har i sine framskrivingar utarbeidd ein forsørgarbrøk for eldre som viser talet på dei i befolkninga som er over 64 år i forhold til talet på dei i aldersgruppa 20 – 64 år. Eit slikt mål tek ikkje omsyn til den faktiske sysselsettinga i desse gruppene eller om alle dei eldre treng å bli forsørga. Talet gir likevel ein indikator på forholda som kan verte. For 2035 viser SSB sine framskrivingar at Vanylven er den kommunen i Møre og Romsdal som vil ha færrast i yrkesaktiv alder i forhold til talet på «eldre» over 64 år.



Framskrivningar på alder for Vanylven kommune. Kjelde: SSB

## Skilsmisser og personar som bur åleine

Personar som bur åleine er ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk og sosialt. Å bu åleine aukar risikoen for å få psykiske helseproblem. Stadig fleire opplever samlivsbrot, som ofte blir etterfølgd av nye pardanningar. Dette fører til at fleire lever fleire år utan partnar, og til at ein større del av befolkninga lever i samansette familiar. Endringar i familiemønster kan påverke helsa til barn og vaksne. I aldersgruppa 45+ og eldre er andelen som bur åleine i Vanylven lågare enn i landet som heilhet. I Vanylven er det 22.7 % åleinebuande i denne aldersgruppa, eit tal som har vore stabilt siste åra. Noreg har samla ein prosent på 25.5% åleinebuande medan Møre og Romsdal fylke ligg på 24.2%.

Tallet på skilsmisser har sidan 2010 vore på mellom 3 og ein topp på 9 i 2018.<sup>2</sup>

<sup>2</sup> Kjelde SSB

# Oppvekst- og levekårsforhold



Oppvekst og levekår er viktige premiss for helse og livskvalitet. Med oppvekst og levekårsforhold inngår økonomiske vilkår, bu- og arbeidsforhold og utdanningsforhold. Eit godt oppvekstmiljø er viktig for at barn og unge skal kjenne seg trygge og oppleve meistring.

Økonomisk forhold kan omfatte andel med låg inntekt og inntektforskjell. Arbeid omfattar blant anna tilknyting til arbeidslivet, sjukefråvær og uføretrygding. Utdanningsforhold omfattar til dømes andel med høgare utdanning og fråfall frå vidaregåande skule. Levekår definerast i eit samspel mellom individuelle faktorar og ressursar og dei mulighetene ein har til å realisere desse på arenaer som skule, arbeid osv.

Inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse, og forsking har synt at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Låg inntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død. (Helsedirektoratet). Sosiale skilnadar i helse vert beskrive som systematiske forskjellar i helsetilstand og følgjer sosiale og økonomiske kategoriar, særleg yrke, utdanning og inntekt. Desse helseforskjellane er sosialt skapt og mulig å gjere noko med.

## Hovedtrekk for Vanylven:

- Ungdata syner god trivsel på skulen, men ein tidstrend som viser auke i elevar som blir mobba
- Samanlikna med fylket og landet har Vanylven lågt utdanningsnivå
- Høg andel som mottek stønad til livsopphald, mange av desse er unge vaksne
- Andelen uføretrygda er høgare i Vanylven enn i dei omliggande kommunene
- Arbeidsløysa i kommunen er låg
- Uheldig utvikling i lovbroter, spesielt rundt illegale rusmiddel

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

«Barn og unges oppvekstmiljø og levekår er viktig for deres nåværende og framtidige helse og livskvalitet. Tidlig og tverrfaglig innsats er helt sentralt, og skolen er en viktig arena for å jobbe med psykisk helse og livsmestring.»<sup>3</sup> Grunnlaget for psykisk og fysisk helse i vaksen alder vert i stor grad lagt i barne- og ungdomsåra. Unge sin oppvekst vert i stor grad forma av tilhøyrlighet til ulike fellesskap, i starten i familia og seinare i ungdomsåra meir også gjennom vennskap og fritidsaktivitetar med jawnaldringar. Utan eit godt nettverk og sosial støtte kan unge som fell utanfor søke mot negative fellesskap som ytterligare svekkar tilhøyrligheta til samfunnet. Økonomisk tryggleik og gode buforhold er viktig for at born og unge kan fungere godt både sosialt og i skulen.<sup>4</sup>

## Berekraftsmål



## Utdanning

### Barnehage

Grunnlaget for framtidig helse vert lagt i dei tidlegaste åra av livet. Å tilby barnehagar med god kvalitet er eit særskilt folkehelsetiltak fordi dei kan bidra til å jamne ut sosiale helseskilnadar. Barnehagen skal ivareta behova barn har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Gode barnehagar er eit av dei viktigaste tiltaka for å fremje psykisk helse og førebygge problem blant barn under skulealder.

Vanylven kommune har 2 kommunale og 1 privat barnehage, med til saman 112 barn i barnehage. I 2019 var det 93,2% av borna i Vanylven mellom 1 – 5 år som hadde plass i barnehage. Dei tilsette og kompetansen deira er av dei viktigaste kvalitetsfaktorane i barnehagen. 44,9 % av dei tilsette i barnehagen er barnehagelærar eller tilsvarande og 2,9% har anna pedagogisk utdanning. 24,5% er barne- og ungdomsarbeidar, 7,3% har anna høgare utdanning medan 20,9% står oppført med anna bakgrunn. Vanylven ligg over nasjonalt gjennomsnitt.<sup>5</sup>

Kommunen tilbyr redusert foreldrebetaling til familiar med låg inntekt. Denne ordninga starta i 2016 og det var då 6 familiar som fekk innvilga redusert betaling det året. Talet på husstandar har vore relativt jamt i åra etterpå, men auka noko. Grunnen til dette kan vere at ordninga har vorte betre kjent og det er enkelt å søke.


<sup>3</sup> Folkehelse og berekraftig samfunnsutvikling

Helsedirektoratets innspill til videreutvikling av folkehelsepolitikken

Rapport IS-2748

<sup>4</sup> <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

<sup>5</sup> Barnehagefakta.no (januar 2021)



66,7 % av barnehagane i Vanylven oppfyller pedagognorma mot 64,1% nasjonalt. Dei restrerande 33,3% oppfyller pedagognorma med dispensasjon. Leike- og oppholdsareal per barn i Vanylven er på 5,2 m<sup>2</sup>, og ligg såleis litt under landssnittet som er 5,8 m<sup>2</sup>.<sup>6</sup>

Barnehagane i Vanylven oppelever at dei fleste no går fulltid i barnehage. Går ein 10 år bak i tid var det meir vanleg med deltid, spesielt for dei yngste borna. Mange barn vert henta tidleg i barnehagen. Barnehagen sitt inntrykk er at barna er i mykje aktivitet, har god energi og fantasi. I barnehagen har dei ikkje merka spesielt til auka skjermtid i samfunnet. Barna sjølvregulerar i større grad enn før når dei treng kviletid eller treng ei pause. Leik er viktig i barnehagen, noko barnehagen ser kan drukne litt i mange læringsmål, kartleggingar og tiltak som skal settast inn. Viktig om ein kan gjere dette gjennom leik.

Barnehagane ynskjer ei dreining frå å snakke om «overgang» til «samanheng» frå barnehage til skule, for å få større fokus på dette slik at endringa skal gå bra for det enkelte barn. Barnehagane ser at det er viktig at foreldre engasjerer seg i aktivitetar i barnehage, som til dømes Luciafeiring eller open dag.

## **Skule**

Skulen er ein arena for fagleg og sosial utvikling. Barn og unge har rett på eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Vanylven har ein Barneskule og to barne- og ungdomsskular, alle kommunale. Bustadadressene i kommunen er knytt opp mot ein skulekrins og barna får i utgangspunktet tildelt skuleplass etter bustadadresse. Familiane på Sylte kan velje mellom å høyre til skulen på Åheim eller på Fiskå. Alle tre skulane har SFO tilbod til elevane. Kvar skule har tilknytt ein ressurspedagog i 50% for å kome tidlig inn og tett på i saker der det kan verte utfordringar.

Elevane gjer det betre og betre på skulen om vi skal tolke sluttresultat i grunnskulen. Det nasjonale gjennomsnittet har dei siste åra auka med over eitt poeng. I 2019 var det elevane i Vanylven som hadde det høgaste gjennomsnittet med 45,3 poeng i Møre og Romsdal. Med få elevar er det naturleg at resultata svingar frå år til år. Vanylven har i perioda 2015 – 2018 hatt eit gjennomsnitt på rundt 42

<sup>6</sup> Barnehagefakta.no (januar 2021)

poeng. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal og landet har auka frå rundt 40,6 til 41,8 poeng frå 2015 – 2018.

Lærartettleiken i Vanylven er god og ligg ein god del høgare enn både i fylket og landet. Det vil seie at det er færre elevar per lærar i Vanylven enn gjennomsnittleg for Møre og Romsdal og landet generelt. I følgje Utdanningsdirektoratet sin statistikk for kommunen er 99,7% av undervisninga gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning i 2019/2020.<sup>7</sup> Vanylven har høg andel elevar med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring, i 2018 med 96,4% og 100% i 2019. For elevane er det flest elevar som søker seg til Volda, Ørsta, Ulstein, Herøy og Ålesund i Møre og Romsdal for å ta vidaregåande utdanning etter gjennomført grunnskule.<sup>8</sup>

Statistikk viser at det er ein sterk samanheng mellom gjennomføringa til elevane i den vidaregåande opplæringa og utdanningsnivået til foreldra. For 2013 kullet viser statistikken at Vanylven er ei av kommunene i fylket med lågast gjennomføringsgrad innan 5/6 år når det kjem til dei studieførebuande utdaninngsprogramma med ein gjennomføringsprosent på 77,8% samla for begge kjønn. For kvinner var det 71,4% og menn 84,6%. Snittet for fylket ligg på 90,8% for begge kjønn.<sup>9</sup> Mange ungdom i Vanylven må etter fullført grunnskule flytte på hybel i ein alder av 15 år for å ta vidare utdanning. Det er naturleg å tenke at det også kan vere med å påvirke gjennomføringsgrada.

### Trivsel

Elevundersøkingar samt Ungdata syner at elevane i hovudsak trivast på skulane i Vanylven. Vanylven gjennomførte i 2019 for første gang også Ungdata junior i tillegg til Ungdata for ungdomsskuleeleverne. Ungdata junior er for elevane på 5. – 7. trinn. Her var det ein svarprosent på 96%, medan for Ungdata for ungdomsskuleeleverne var det ein svarprosent på 92. Den høge svarprosenten gjer at vi kan nytte desse tala i oversiktsarbeidet. 96% av elevane på mellomtrinnet svarar at dei trivast på skulen og 78% er også fornøgd med skulen dei går på. Gjennom undersøkinga er det mange som er enig i utsagn som «Lærarane mine bryr seg om meg» og «Eg har det alltid bra i friminutta». Samstundes er det 33% som er enig i utsagnet «Eg grur meg ofte til å gå på skulen» og 73% er enig i «Eg kjedar meg i skuletimane».

Talla for Ungdata på ungdomsskulen syner også til god trivsel på skulen (85,3%), 62,6% seier seg fornøgd med skulen dei går på. 24,2% seier dei grur seg ofte til å gå på skulen. Dette er litt høgare enn snittet for ungdomsskuleeleverne på søre Sunnmøre. 46,3% seier dei brukar meir enn ein time på lekser kvar dag, dette er høgst på søre Sunnmøre og ein god del høgare enn snittet for desse kommunene som ligg på 28,7%. Elevane i Vanylven ligg også høgare enn snittet for søre Sunnmøre på å føle seg stressa og utslikt av skulearbeidet og at det er for mykje. Ser ein på kjønnsfordelinga på trivsel, kan det tyde på at gutane trivast betre enn jentene, og det er jentene som har svart at dei gruar seg i større grad enn gutane til å gå på skule. Jentene har også lågare svarprosent på at dei trivast på skulen og føler at dei passar inn. Jentene er også dei som har svart at dei brukar mest tid på skulearbeidet og er stressa i forhold til skulearbeid og lekser.

I samtale med ungdomsskuleelevar nemner dei at læraren har stor påvirkningskraft og har mykje å bety for korleis elevane har det. Det at læraren ser elevane som menneske meir enn elev gjer

<sup>7</sup> Skoleporten.udir.no

<sup>8</sup> Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal


<sup>9</sup> Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal

skuledagen betre og kan vere avgjerande for enkelte elevar. På skulen ser dei at klede er med å symboliserer kva gjeng du hører til i, samstundes trur dei ikkje dei som ikkje har rette kleda vert baksnakka eller mobba, men at dei kanskje kan kjenne seg utanfor sjølve. Lærarane på skulen ser at elevane er mindre fysisk aktive no enn for 10 år sidan. Det er meir vanleg at dei sit i friminutta på mobilen enn at dei er ute i aktivitet. Det er auka behov for tilrettelegging, mykje grunna i angst, meir etterspørsel etter smertestillande og flittigare bruk av ord som til dømes at dei kjenner seg deprimert, stressa eller har migrene. Også barn ned i barneskulen nyttar desse begrepa, noko som var heilt uvanleg nokon år tilbake.

## Mobbing

Mobbing er eit alvorleg problem som rammar mange unge. Mobbing kan definerast som gjentekne negative handlingar der ein eller fleire personar medvite og med vilje skadar eller prøver å skade eller påføre nokon ubehag. Mobbinga kan vere fysisk, ved bruk av vald, eller psykisk, som vedvarande utfrysing frå venneklokkja. Ein ny type mobbing har blitt meir aktuell dei siste åra er digital mobbing. Både dei som mobbar og dei som blir utsette for mobbing, er risikoutsette grupper. Mobbeoffera er særleg utsette for fysiske og psykiske problem seinare i livet.

Prosentdel som blir mobba minst kvar 14. dag  
Blant gutter og jenter, og på ulike klassetrinn



Kjelde: Ungdata undersøking i Vanylven 2019

Tidstrend i Vanylven  
Prosentdel ungdomsskuleelevar som blir mobba minst kvar 14. dag



Kjelde: Ungdata undersøking Vanylven 2019

## Familie- og læringssenteret

Familie- og læringssenteret er eit senter der dei mest vanlege tenestene for barn, unge og familiar er organisert. Med denne organiseringa er målet å kome tidleg inn med eit tettare tverrfagleg samarbeid der barnet, ungdommen og familien er i sentrum og sektorgrenser ikkje er til hinder for eit heilskapleg tenestetilbod.


Familie- og læringssenteret inneholder tenester som pedagogisk rettleiingsteneste i form av ressurspedagogar som er tett på i eiga eining, barne- og ungdomsarbeidaren med fokus på å bygge gode fritidsmiljø og øvingsarenaer for barn og unge som treng det, og helsestasjon. Helsestasjonen og skulehelsetenesta er eit heilskapleg, planmessig helsefremjande og førebyggande lågterskeltilbod for born og unge frå 0-20 år. Alle born i alderen 0-5 år har kontakt med helsestasjonen, noko som gir ein høve til å vere ein førebyggingsarena, men også ein sentral instans for avdekking av sjukdom, funksjonshemming og hjelpebehov i høve omsorg. Formålet med tenesta er å fremje fysisk og psykisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebygge sjukdom og skade.

I skulehelsetenesta skal ein ha oversikt over helsetilstanden til barn og unge. Ein har tilbod til alle elevar i helseprogrammet og ein skal vere tilgjengeleg for at elevane kan ta kontakt på eige initiativ. Alle skulane har helsesjukepleiar fast kvar veke, i tillegg har ein tilbod om oppfølging av elevar med psykiske plager eller lidingar. Utanom skuletid har ein helsestasjon for ungdom ein gong pr. veke. Det har seksuell helse eit særleg fokus. I svangerskap- og barselomsorga er det tilknytt jordmor i 40% stilling. Helsestasjonen har vidare godt samarbeid med fysioterapeut både for småbarn og i skulen.


### **Utdanningsnivå**

Samanheng mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse er godt dokumentert. Dess lengre utdanninga er, dess betre er helsa. Vanylven har tilsett ungdomslos for å bistå unge vaksne i alderen 16 – 23 år som ikkje har meistra skulen, ikkje fått lærlingplass, tatt pause i studie og står utan jobb, eller ikkje fått seg arbeid.

Vanylven er ei av kommunene i Møre og Romsdal med lågast del av befolkninga med høgare utdanning, med 19,4% samanlikna med fylket som har ein prosent på 28,7%. Det er fleire kvinner enn menn som har teke høgare utdanning. Mogleg årsak til dette kan vere at ungdomane i kommunen må til andre kommuner for å ta utdanning etter fullført grunnskule. Utdanningsnivået må også sjåast i samanheng med næringsstrukturen i kommunen, med jordbruk, skogbruk og fiske, varehandel og bergverksdrift og utvinning som store arbeidsstadar saman med helse- og sosialteneste.



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank




Utdanningsnivå etter kjønn for Vanylven kommune. Kjelde: SSB

## Arbeid

Samanhengane mellom arbeid og helse er samansette og mangfoldig. Grovt sett kan ein skilje mellom helsekonsekvensar av å vere i arbeid kontra å ikkje vere i arbeid. Dei største helseutfordringane blant yrkesaktive i Noreg, både når det gjeld omfang og kostnad i form av redusert helse, sjukefråvær og uførleik er muskel- og skjelettlidinger og lettare psykiske lidinger som angst og depresjon.<sup>10</sup>

### Yrke

For menn i Vanylven er det sørvisnæringer, jordbruk, skogbruk og fiske, samt sekundærnæringer som er dei største arbeidsstadane. For kvinner er det klart flest som er tilsett innan helse- og sosialtenester, men også sørvisnæringer og undervisning er arbeidsstadar for kvinner i kommunen.<sup>11</sup>



Kjelde: Kommunefakta Vanylven SSB

<sup>10</sup> Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019


<sup>11</sup> Fylkesstatistikk 2002 Møre og Romsdal

## Pendling

Per 4.kvartal 2019 er det 19,9% sysselsette (184 personar) som pendlar inn til Vanylven for arbeid, medan det er 26,2% (403 personar) sysselsette som pendlar ut av kommunen på grunn av arbeid. Vanylven har låg innpendlingsprosent samanlikna med dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Pendlingsstraumen ut frå Vanylven er størst til nabokommunane Ulstein, Sande, Ørsta og Volda, samt Ålesund. Størsteparten av pendlarane inn til Vanylven kjem frå Volda, Sande, Ørsta og Herøy, samt Ålesund.<sup>12</sup>

## Sjukefråvær

Samla sett ligg Vanylven noko høgare på legemeldt sjukefråvær enn nabokommunene. For dei fleste kommunene har sjukefråværet auka i perioda med koronapandemien og det er nærliggande å tru at det er ein medverkande faktor for denne auken. Vi ser også av tabellen at det er større del kvinner enn menn som har legemeldt sjukefråvær.




Kjelde: ssb.no, tabell 12451


<sup>12</sup> Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal

## Uføretrygd

Gruppa uføretrygda er utsett helsemessig og materielt. Tabellen under syner mottakarar av varig uførepensjon per 1.1.2020. Vanylven ser vi ligg høgre enn fylket og også høgare enn nabokommunene. Spesielt den yngre aldersgruppa utpeikar seg som høg samanlikna med andre kommuner. Dette stemmer overeins med det NAV ser for Vanylven i sitt arbeid.




Mottakarar av uføretrygd januar 2019, 18-67 år. Kjelde NAV



Kjelde: SSB

## Arbeidsløyse

Arbeidsløysa i Vanylven er låg. Den har gått gradvis ned siste åra, før den auka litt i 2019 og enda litt i 2020. Det er fleire menn enn kvinner som er registrert arbeidsledige. Arbeidsløysa er lågare i Vanylven enn i dei andre kommunane på søre Sunnmøre og har vore det jamt siste åra. I november 2020 låg arbeidsløysa i Vanylven på 2,1% medan dei andre seks kommunen ligg mellom 2,6% og 6,6%. Her ser ein forøvrig at det for fleire kommunar på søre Sunnmøre har vore betydeleg auke frå 2019 til 2020, noko som truleg skyldast covid-19 pandemien.<sup>13</sup>




Kjelde: SSB.no, tabell 10593. Tall for november 2019, mars 2020 og november 2020

## Inntekt

Inntekt og økonomi er grunnleggande faktorar for helse, og forsking har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Levekår har mykje å seie for motivasjon og evne til å oppretthalde helsebringande levevanar, som regelmessig fysisk aktivitet, sunt kosthald og avhald eller måtehald i bruk av tobakk og andre rusmiddel.

<sup>13</sup> Ssb.no,tabell 10593



Kjelde: ssb.no, tabell 06944

Mottakar av stønad til livsopphald er høgare i Vanylven enn landet og fylket for aldersgruppa 20-66 år. Det har vore ei auke blant kvinner som mottekk stønad til livsopphald, med 20% i 2014 til 25% i 2018. For menn har det vore meir stabilt, og ligg på 13% i 2018 mot 14% i 2014<sup>14</sup>. Vanylven ligg lågare enn landet og fylket på personar som bur i hushaldningar med låg inntekt.

Inntekta til innbyggjarane i Vanylven ligg ganske jamt med fleire kommuner på søre Sunnmøre, men litt under snittet for fylket og landet. Kvinner tener betraktleg mindre enn menn i kommunen.

## Lovbrot

Statistikk frå SSB på viser 62 anmeldte anmeldte lovbroter og ofre i årleg gjennomsnitt for 2018-2019. Dette er ei auke frå 2017/2018, då gjennomsnittet var 49. Tidlegare år igjen har snittet vore rundt 60.<sup>15</sup> Politiet i Vanylven ser ei negativ utvikling i forhold til rus og kjøp og sal av narkotiske stoff. Når ein ser på statistikken må ein ta høgde for mørketall. Mykje av den illegale rusbruken skjer i private heimar og er dermed vanskeleg å få tak på. Politiet i Møre og Romsdal har nettbasert patrulje, men klarer ikkje fange opp alt. Politiet ser eit aukande behov for å vere tilstade på digitale plattformer for å førebygge kriminalitet på nett.

Ungdata undersøkinga i Vanylven i 2019 viser tendens til auke i ungdomsskuleelevar med seks eller fleire regelbrot det siste året. Svara på undersøkinga viser også at ungdomsskuleelelevane i kommunen ligg høgare enn dei andre kommunen på søre Sunnmøre på spørsmål om dei har vore utsett for vald og trugslar. Politiet har likevel eit godt inntrykk av ungdommen i kommunen, det er låg kriminalitet og opplevast som trygt og godt å vekse opp her av innbyggjarane. Politiet vert godt tekne i mot av ungdomane i kommunen og er opptekne av å arbeide førebyggande ved å besøke skulane, fritidsklubben eller kome i prat med ungdomane på andre områder på ettermiddag og kveld.

<sup>14</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>15</sup> Ssb.no

## Lokalmiljø – bustad

Bukvalitet har betydning for helsa på fleire måtar. For barn og unge kan ein vanskeleg busituasjon påverke skuleprestasjonane og det sosiale livet deira. Universelt utforma bumljø og tilgjengelege bustadar er viktige for at eldre og menneske med nedsett funksjonsevne kan leve eit verdig liv.

Standarden på bustadar i fylket er gjennomgåande god. I Vanylven vart det i 2019 omset 30 bustadar, med ein gjennomsnittlege kjøpesummen på 1 744 000 kr<sup>16</sup>. Det er store geografiske skilnadar på prisnivået for bustad. Dei fleste i Vanylven eig bustaden dei bur i, med eit gjennomsnitt i 2020 på 2,18 personar per hushaldning. 7,9% prosent av vanylvingane bur trøngt i 2019, noko som er litt høgare enn dei fleste andre kommunen på søre Sunnmøre<sup>17</sup>.

Ungdata viser at ungdomen føler seg trygge i nærmiljøet sitt, noko som også vert bekrefta i intervju med ungdom. I samtale med eldrerådet vert det lagt vekt på at eldre ynskjer å bu heime lengst mogleg, og om dei må flytte så ynskjer dei fleste å bu sentrumsnært til den bygda dei føler tilhøyrihet til. På grunn av lite kollektiv transport og avstandar ser eldrerådet at einsemd er eit problem for eldre. Mange har etterkomrarar som har flytta ut frå kommunen og dermed vil det for fleire også vere aktuelt å flytte.

NAV ser at dei med lågare utdanning kan virke til å ha ei sterkare tilknyting til kommunen enn dei med høgare utdanning. Dei har også sett ein trend til at familiar med lågare inntekt flyttar hit då det er lettare å kome inn på bustadmarknaden i Vanylven enn det er i andre kommuner.

---

<sup>16</sup> Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal

<sup>17</sup> Kommunefakta SSB

## **Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø**



Ei rekke miljøforhold har effekt på helsa. Kvaliteten på drikkevatn, luft, grad av støy, sykkelvegnett, nærliek til friområde og leikeplassar er nokre eksempel. Sosialt miljø kan omfatte organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar osv. Det sosiale miljøet handlar også om kva for arenaer som er tilgjengelege, til dømes uformelle møteplassar eller universelt utforma område (Helsedirektoratet)

### **Hovedtrekk for Vanylven**

- God tilgang til natur og låg støy- og luftforureining
- Om lag 50% av innbyggjarane er tilknytt privat vassverk
- Vanylven ligg høgt på bruk av antibiotika, og lågt på vaksinasjonsdekning for influensavaksine
- Både unge og eldre ynskjer fleire møtestadar, og betre kollektivtransport

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

Kvaliteten på miljøet vi lever i har stor betydning for livskvalitet, helse og trivsel. Det fysiske kvardagsmiljøet påverkar oss alle, og definerer det vi i vid forstand kan kalle nærmiljø. Tilgjenge til fritids- og kulturtilbod er viktig for innbyggjarane, og for mange er eit godt kollektivtilbod avgjerande for deltaking. Fleire unge og eldre saknar uformelle møtestadar og moglegheit for å kome seg dit.

I Vanylven er det mange og flotte turar å gå i naturen, både nærturar og fjelltoppar. Å nyte naturen styrkar både den fysiske og psykiske helsa.

## Berekraftsmål



## Fysisk miljø

### Tilgang til natur

Vanylven har eit unikt og ein ubegrensa tilgang til naturområder både til fjells og til fjorden. Dei fleste bustadområda ligg i nærleiken av turområde. Nokon av turane er universelt utforma og har sitteplassar langs ruta.

### Gang- og sykkelveg

Dersom ein skal få ein større del av innbyggjarane til å gå eller sykle er det viktig at dei kjenner seg trygge. Dette er spesielt viktig rundt grunnskular og tettstadar.

Per i dag har kommunen 7 km gang- og sykkelveg. Kommunen har under utarbeiding reguleringsplan for gang- og sykkelvegar i Åheim sentrum og langs fv.61 mot Kriken. Det er ein føresetnad at fylket bygger denne gang- og sykkelvegen for å få den gjennomført. Det er ikkje avsett pengar av fylket til dette prosjektet. Fylket skal utarbeide, og har bevilga pengar til ny gang- og sykkelveg på Tunheim. Arbeidet med å lage ny reguleringsplan i dette området vil fylket starte med hausten 2021. Byggestart av gang- og sykkelveg ved Tunheim er anteke vil tidlegast skje i starten av 2023.

Ungdata junior for 5.-7. klasse i 2019 viser at 99-100% av dei som svarte føler seg ganske eller veldig trygg i sitt nærområde og på veg til og frå skulen.

## Biologisk miljø

### Smittsame sjukdomar

Enkelte smittsame sjukdomar kan ramme mange over relativt kort tid og dermed gi utfordringar til helsevesenet og samfunnsstruktur. Kommuneoverlegen følger med på utviklinga av meldepliktige sjukdomar som førekjem i kommunen. Før pandemien med covid-19 er det ikkje dokumentert utbrot av smittsame sjukdomar i Vanylven på fleire tiår. Under covid-19 pandemien har kommunen fått testa ut og gjort seg erfaringar med kommunal beredskap i praksis, noko som gir verdifulle erfaringar. Vanylven kommune har hatt få tilfeller av covid-19 så langt (mai 2021).

### Bruk av antibiotika

Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandlinga av infeksjonar som skuldast bakteriar. Antibiotika har gjennom historia revoulusjonert behandlinga av infeksjonssjukdomar. Feil bruk kan føre til utvikling av antibiotikaresistente bakteriar. Bakteriar som er resistente mot antibiotika er eit aukande problem i heile verda. Tabellen nedanfor syner legane sin forskriving av antibiotika, som det går fram av tabellen så ser vi skilnadar mellom kommunane på søre Sunnmøre.

År	2014	2015	2016	2017	2018*	2019
Hele landet	376	361	341	321	306	311
Møre og Romsdal	376	373	350	329	315	319
Vanylven	364	422	401	433	431	412
Sande	356	333	365	337	311	340
Herøy	398	421	444	389	340	363
Ulstein	532	540	475	405	390	381
Hareid	541	489	432	409	425	384
Ørsta	347	345	311	302	298	286
Volda	316	335	276	279	264	258

Antibiotikaresepter, samla kjønn, 0 – 79 år, eksl. Metenamin. Kjelde: kommunehelsa statistikkbank

### Vaksinasjonsdekning

Vaksinasjon er det mest effektive tiltaket for å førebygge potensielt farlege sjukdomar.

Det er kommunane som har ansvaret for å tilby influensavaksinasjon til eldre over 65 år og til andre risikogrupper. Dekningsgrada for influensavaksinasjonen for dei over 65 år i Vanylven har auka sidan 2015, men er lågast av dei sju kommunene på søre Sunnmøre. I 2019/2020 var dekningsgrada i Vanylven 37%, medan dei andre kommunene låg på mellom 40 og 50,5%. Gjennomsnittet i fylket same år var 45,3% og for landet 43,4%.

Vaksinasjonsdekninga for to-, ni- og sekstenåringane i kommunen ligg på over 90% og ganske likt med gjennomsnittet for fylket og landet.

Tal på vaksinasjonsdekning kan vere til hjelp i vurdering av smittevernet i befolkninga. Med høg vaksinasjonsdekning vil det sirkulere lite smitte i befolkninga og det vil føre til at dei uvaksinerte indirekte vert beskytta. Dette er flokkimmunitet.

## Kjemisk miljø

### Drikkevatn

Reint vgn er livsnødvendig, og daglege væsketapet bør i stor grad bli dekka av reint drikkevatn. Folkehelseinstituttet har bruk E. coli for å kontrollere kvaliteten på vatnet. I Vanylven er det tre kommunale og private vassverk. Av innbyggjarane i Vanylven er det anslått at 1600 av kommunen sine innbyggjarar er knytt til kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøvekvalitet i forhold til vasskvalitet. I Vanylven er nærmere 50% av innbyggjarane knytt til privat vassverk. Mattilsynet arbeider med ei registreringsordning for alle private forsyningssystem.

### Støy

Eit gjennomsnittleg støynivå som ligg over 55dB(A) er for høgt i følgje Verdas helseorganisasjon. Støy kan forstyrre samtalar, kvile og søvn og er den miljøforereininga flest i Noreg er utsette for. Forsking viser at støy kan gi psykisk stress og helseplager som muskelspenningar og muskelsmerter. Støy kan også være ein medverkande årsak til høgt blodtrykk og utvikling av hjertesjukdom. Den største kjelda til støy er vegtrafikk.<sup>18</sup>

Vanylven kommune har ikkje ein samla støykjelde rapport for kommunen. Ved nyare planlegging av bustadfelt/fritid og industri, set regulering krav om at støy skal vurderast, målast og sette tiltak mot. Staten vegvesen har gjennomført strategisk støykartlegging av riksvegar og fylkesvegar. I 2017 vart støy kartlagt i Region Midt. Vegar med ÅDT(årsdøgntrafikk) på over 8200 har vorte kartlagt i Møre og Romsdal. Ingen vegar i Vanylven har trafikk over 1200 ÅDT. Det er ikkje her krav om kartlegging med omsyn til forureningsforskrifta, som stiller krav om støykartlegging av vegar med meir enn 3 mill køyretøy per år (tilsvarer ÅDT på over 8200).

### Luft

Forureining frå luft kan gi luftvegslidingar, hjarte- og karsjukdomar og kreft, samstundes som det kan forverre situasjonen for dei som allereie er sjuke. Luftkvaliteten i Vanylven er svært god og konsentrasjonen av fint svevestøy ligg godt under konsentrasjonen både i Møre og Romsdal og landet.

### Miljøgifter og stråling

Radon er ein usynleg og lukt fri edelgass som dannes ved nedbrytning av grunnstoffet radium. Radium finnast i dei fleste bergarter, men mest i uranrik granitt og alunskifer. Ved spontant radioaktivt nedbrytning av radon dannes såkalte radondøtre. Disse festar seg til lungevevet og avgir stråling. Høge radonnivå innandørs er ein medverkande årsak til auka risiko for lungekreft. Statens strålevern anbefalar at radonnivå skal vere så låge som mogleg i alle bygningar, og at tiltak alltid bør utførast om radonnivået i ett eller fleire opphaltsrom overstig 100 Bq/m<sup>3</sup>. Strålevernet fremhevar at

<sup>18</sup> Folkehelseinstituttet

tiltak også kan vere aktuelt under 100 Bq/m<sup>3</sup> dersom ein med enkle tiltak kan få radonnivået vesentleg lågare. Videre anbefalar Strålevernet at radonnivå alltid skal vere lågare enn ei maksimumsgrense på 200 Bq/m<sup>3</sup>.

Radonkart basert på målingar i Vanylven kan hentast frå kommunen si heimside under «Bygg, eigedom og plan».<sup>19</sup> Målingane viser ingen over maksgrensa på 200 Bq/m<sup>3</sup>, men nokon få høge verdiar på 186/162/142 og 115 Bq/m<sup>3</sup>. Dei andre målingane er låge, mange under 10 Bq/m<sup>3</sup> og opp mot 60 Bq/m<sup>3</sup>.

## Sosialt miljø

Tilbod til organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar individuell utfalding og bidreg til å skape identitet og tilhørsle til lokalmiljøet. Ved å legge til rette for møtestadar kan ein styrke sosiale nettverk og på den måten fremje helse og førebygge sjukdom. Samfunn som er prega av tillit, sosial støtte og samhald gir færre psykiske og fysiske helseproblem blant befolkninga.

### Møtestadar

Ungdata syner at om lag 60% av ungdomsskuleelevarne opplever at tilboden er bra på lokaler for treffstadar for unge. Ungdata og samtale med ungdommane i kommunen tyder på at fritidsklubben er godt besøkt, medan deltaking i anna organisert aktivitet ligg noko lågare enn dei andre kommunen på søre Sunnmøre. Ungdom treffes meir ute eller ved butikkane i bygdene. Kollektivtransporten er utfordrande og det blir ofte foreldre som må køyre ungdomar dit dei skal. Heile 93% av ungdomsskuleelevarne svarer i Ungdataundersøkinga at dei har minst ein fortrolig venn, noko som er høgare enn landsgjennomsnittet som er 90%. Samstundes ligg Vanylven på 19% mot 10% for landsgjennomsnittet på ungdom som har vore veldig mykje plaga av einsemd siste året.

Biblioteket er ein open møteplass der folk kan oppleve og ta del i ulike arrangement. Arrangement for barn og unge aukar i biblioteka, også i Vanylven. I tillegg har utlån av barnelitteratur nesten dobla seg i kommunen frå 2017 – 2019. I 2019 var det lånt ut 2515 barnebøker. Det har også vore ei auke på 242 fysiske besøk frå 2017 til 2019. Til trass for auke i bruken av bibliotek i Vanylven, ligg kommunen lågast av dei sju kommunen på søre Sunnmøre og under snittet for Møre og Romsdal.<sup>20</sup>

I samtaler med eldrerådet og råd for funksjonshemma vert det gitt uttrykk for behov for fleire møteplassar. Råda får tilbakemelding frå sine grupper at einsemd er ei aukande utfordring. Ulike frivillige har lagt til rette for møteplassar i Vanylven, blant anna Røde Kors, Vanylven pensjonistlag og Trivsel for eldre. Desse tilboda har vore redusert sidan mars 2020 på grunn av restriksjonar i høve smittevern, noko som har vore utfordrande for sårbare grupper.

### Universell utforming

Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på likverdig basis og at alle skal ha same høvet til å oppleve ting i kvardagen. Universell utforming må vere ein del av den overordna

<sup>19</sup> <https://www.vanylven.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/kart/radonkart/> oppdatert 03.07.2021

<sup>20</sup> Fylkesstatistikk 2020 Møre og Romsdal


planlegginga til kommunen og det må vere godt forankra i planverket. Universell utforming kan vere med på å betre folkehelsa vår når det er tilrettelagt for aktivitet og tilgang til møtestadar for alle.

Råd for funksjonshemma og eldrerådet ser at det er behov for tydelegare merking for svaksynte og betre tilrettelegging for rullestol fleire stadar. Begge råda ynskjer også å verte tekne med i planarbeid ved utforming av områder heilt i startfasen. Det er viktig å også ta med seg at universell utforming handlar om meir enn rullestol og blindestokk, det handlar om å legge til rette for oss alle og gjere lokalområdet vårt meir attraktivt å bruke.

## **Valdeltaking**

Valdeltaking vert nytta som eit mål på engasjement i samfunnet. I kommunevalet i 2019 deltok 66,3% av dei røysteføre i valet. Dette er litt over snittet for fylket og av dei høgaste på søre Sunnmøre. I Stortingsvalet i 2019 var det ei deltaking på 78,7% som er jamt med både fylket, landet og dei andre kommunane på søre Sunnmøre.

## ***Skader og ulykker***




Ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskader som følgje av ulykker er nesten like stor som kreft, målt i tapte leveår. Ulykker med personskade tek relativt mange unge liv og er den største dødsårsaka for personar under 45 år. Moglegheita for å førebygge er gode, og effekt av tiltak kan kome raskt. Oversikt over kvar og når ulykker intreff osv. kan bidra til auka merksemd mot førebygging og større treffsikkerheit i tiltaksarbeidet. (Helsedirektoratet)

### **Hovedtrekk for Vanylven**

- Auke i hoftebrot blant aldersgruppa 75 år +
- Vanylven ligg høgare på hovudskader i aldersgruppa 0 – 44 år i forhold til både landet og Møre og Romsdal
- Antall melde saker om vald og mishandling har auka, men er framleis av dei lågaste på søre Sunnmøre

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

Blant unge er talet på ulykkesdødsfall betydeleg lågare enn blant eldre, men når en yngre person dør, skyldast det ofte ei ulykke (FHI, 2014). Medan eldre mennesker hovedsakeleg dør av sjukdom, er ulykker den hyppigaste dødsårsaken i aldersgruppen under 45 år. Blant menn under 25 år skyldast 1 av 5 dødsfall ulykker. Særleg trafikken tar mange unge liv.



Rundt 80% av alle skadar og ulukker mellom eldre skyldast fall. Dei fleste personskadane etter fall har lav alvorsgrad, men vi ser at til eldre ein person er, til meir sannsynleg er det at skaden er av alvorleg karakter (Helsedirektoratet, 2013). To typar brotskadar er særleg karakteristiske som generelt resultat av fall: handleddsbrots og hoftebrot. Handleddsbrots er meir utbreidd blant yngre enn blant eldre, fordi yngre som fell er i stand til å ta seg for med hendene. Eldre klarer ofte ikkje å ta imot, og endar med hoftebrot. Høgrisikogruppa for hoftebrot er aldersgruppa 70 år og eldre, og sju av ti hoftebrotpasientar er kvinner. Gjennomsnittleg alder ved hoftebrot er 82 år hos kvinner og 79 år hos menn.

Etter ein brotskade vert mange eldre avhengig av meir hjelp frå heimetenesta for å kunne fungere i eigen heim, eller dei treng plass i institusjon. Behandling og rehabilitering av eit gjennomsnittleg hoftebrot kostar stat og kommune om lag 340.000,- det første året. Dødelegheita etter hoftebrot blant eldre er høg.


Årsakene til fall blant eldre er samansette. Risikofaktorane kan delast inn i indre og ytre. Indre faktorar inkluderer alder, kjønn, sjukdom, bruk av legemiddel, alkoholbruk, ernæring/mangelsjukdomar og aktivitetsnivå. Ytre faktorar inkluderer forhold i heimen og utedmiljøet.

## Berekraftsmål



## Trafikkulykker

110 personar vart drepne i vegtrafikken i Noreg i 2019, to fleire enn året før. Talet på omkomne aukar mest i alderen 25 – 44 år. For Vanylven er talet på omkomne i trafikken låg. Det er likevel viktig å jobbe med haldningsskapande og fysiske tiltak for å unngå trafikkulykker. Dei mest alvorlege ulykkene som skjedde dei siste 40 åra i kommunen har som regel vore i forbindelse med einskilde kjørety som har kjørt av vegen. Vanylven kommune sin visjon er: «0 drepne og 0 hardt skadde».



Kartet viser trafikkulykker i Vanylven kommune siste 40 åra. Kjelde: vegkart.no

## Vald og mishandling

Nasjonale tal syner at nesten ein tredjedel av befolkninga (44% menn og 22% kvinner) har vorte utsett for alvorleg vald etter fylte 18 år. Det fins ulike former for vald. Valdsomgrepet omfattar fysisk og psykiske vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt. Vald i nære relasjoner omfattar vald og overgrep som er retta mot familiemedlemmar. Vald i nære relasjoner er eit viktig satsingsområde og Vanylven

samarbeidar med kommunene i sjøstjerna om utarbeiding av felles handlingsplan saman med krisesenteret i Ålesund.

	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
<b>Vanylven</b>	3,6	4,2	3,7	3,7	2,8	2,8	3,8
<b>Sande</b>	2,7	3,4	2,3	2,0	2,8	2,8	3,6
<b>Herøy</b>	2,8	3,6	3,5	3,2	3,8	4,4	4,0
<b>Ulstein</b>	4,5	4,7	4,8	4,9	5,4	6,3	6,0
<b>Hareid</b>	5,3	8,2	8,7	5,0	4,4	6,2	6,2
<b>Volda (-2019)</b>	4,8	5,7	6,2	6,0	7,7	7,1	5,3
<b>Ørsta</b>	3,7	3,8	3,4	4,0	4,6	4,5	5,1

Ssb.no Tabell 08487: Anmeldte lovbrudd vald og mishandling. Årlig gjennomsnitt

Statistikk frå ssb.no viser at Vanylven ligg noko lågare enn dei andre kommunene på søre Sunnmøre og også lågare enn landet og Møre og Romsdal som heilheit. Her er det forvrig viktig å vere bevigst på at det kan vere store mørketall.

Ungdom er involverte i valdsepisoder oftare enn andre aldersgrupper. I følgje unghetaundersøkjinga i 2019 har prosentdelen ungdomsskulelevar som har blitt utsette for trugsmål om vald minst ein gong det siste året auka frå 10% i 2013, 3% i 2016 til 17% i 2019. I følgje same undersøkinga er det 1% som har hatt behov for legetilsyn 1 gang på grunn av vald siste året. 17% oppgir at dei mellom 1 og fleire enn 6 gongar har blitt slått utan å få synlege merke.

## Skader behandla i sjukehus

	2010-2012	2011-2013	2012-2014	2013-2015	2014-2016	2015-2017
<b>Hele landet</b>	14,2	14,2	14	13,9	13,7	13,7
<b>Møre og Romsdal</b>	15,3	15	14,8	14,7	14,5	14,6
<b>Vanylven</b>	13,9	13,1	14,1	14,6	16,6	15,4

Tabellen viser antall pasientar innlagt (dag- og døgnopphald) i somatiske sjukehus, alle skader, per 1000 innbyggjarar per år. Dersom ein person vert lagt inn fleire ganger i løpet av kalenderåret med same sjukdom/ liding, vert vedkommande kun telt ein gang. Statistikken viser 3 års glidande gjennomsnitt (dvs. gjennomsnitt for overlappende 3-årsperioder).

Ut i frå statistikken ligg Vanylven litt høgare enn snittet for landet og fylket på antal skader. Går ein inn å ser på sjukdomsgruppene ser vi også at det har vore ei auke i hoftebrot for aldersgruppa 75 år + sidan 2010-2012 og til 2015-2017, frå hhv 13 til 18,6. Snittet for landet og fylket har gått ned denne perioda frå om lag 20 til å i 2015 – 2017 ligge på hhv 17,6 og 17,5.<sup>21</sup>

## Arbeidsskader

Ein reknar med at skadar knytte til arbeid utgjer om lag 12 % av alle skader i Noreg. Det er særleg høg skaderisiko blant unge menn. Det er ikkje statistikk på fylkesnivå når det gjeld arbeidsskader.

Fallulykker er dei vanlegaste arbeidsulykkene.

<sup>21</sup> Kommunehelsa statistikkbank

## ***Helserelatert åtferd***



All åtferd som kan ha innverknad på helsa kallar vi helserelatert åtferd. Det kan til dømes vere fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel. Helserelatert åtferd kan også omfatte seksualåtferd og risikoåtferd som kan føre til skader og ulykker. (Helsedirektoratet)

### **Hovedtrekk for Vanylven**

- Det er færre som røyker på første svangerskapskontroll no enn tidlegare.
- Ungdata tall fra 2019 syner at Vanylven ligg høgt i forhold til landet og kommunene på søre Sunnmøre spesielt på snus, og litt over snittet på røyk blant ungdomsskuleelevar.
- Statistikk tyder på at unge i Vanylven trenar noko mindre enn landet og kommunene rundt
- Ungdomane i Vanylven ligg høgt på skjermbruk
- 35,9% av ungdomsskulelevane i 2019 svarer at dei har hatt søvnproblem
- Negativ utvikling i høve overvekt frå småskulen og til ungdomsskulen
- Bekymring for bruk av illegale rusmiddel i kommunen

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

Kartleggingar og undersøkingar viser at Vanylven ligg høgt på prosent av ungdomane i kommunen som snusar og at det gjeld fleire gutter enn jenter.

Kvantitative og kvalitative data kan tyde på at det er for mange som ikkje oppfyller aktivitetsnivået som Helsedirektoratet tilrår. Dette gjeld både barn, vaksne og eldre. Måten vi lever livet på, både innan oppvekst og arbeid, vert mykje utført sitjande. Konsekvensane av lite fysisk aktivitet og usunt kosthald kan på sikt føre til livsstilsjukdomar. Regelmessig fysisk aktivitet er naudsynt for at barn og unge skal oppnå normal vekst og utvikling og for å kunne utvikle motorisk kompetanse, muskelstyrke og kondisjon. Det har også positiv effekt på stress, smerte, generell fysisk og psykisk helse og livskvalitet. Vanylven opna frisklivssentral i 2017.

Ungdata syner at Vanylven ligg høgt på skjermtid og også på søvnvanskars. Skulen opplever også utfordringar knytt til at nokre ungdomar får for lite søvn. Folkehelseinstituttet omtalar søvnvanskars som eit av Noregs mest undervurderte folkehelseproblem.

## Berekraftsmål



## Tobakksvaner

Røyking er den legevanen som tek flest liv gjennom hjarte- og karsjukdom, lungekreft, kols og andre røykerelaterte sjukdomar. I løpet av dei siste 20-25 åra har kampen mot røyking blitt intensivert. I 1996 blei aldersgrensa for å kjøpe tobakk heva frå 16 til 18 år. Røykjelova blei skjerpa endå meir mellom 2004 og 2013. Tiltaka har ført til ein markant nedgang i daglegrøykjarar, både blant ungdom og vaksne. Samstundes har prosentdelen unge som snusar gått opp. Snusbruk verkar også inn på hjarte- og karsystemet ved at snusen har innverknad på blodtrykk og puls. Det er ikkje påvist at snus aukar risikoien for hjarte- og karsjukdom, men det er haldepunkt for at snusbruk kan gi større dødlegheit for dei som allereie har ein hjartesjukdom.<sup>22</sup>

Vanylven har hatt stor nedgang når ein ser på tal på røykarar blant fødande som oppga at dei røykte ved første svangerskapskontroll i prosent av alle fødande med røykeopplysningar. Når ein ser desse talla er det viktig å ta med seg at Vanylven er ei lita kommune og kvar enkelt som røykar vil difor auke prosenten betraktleg, samanlikna med ei større kommune der fleire born vert fødd og fleire dermed vert kartlagt.

<sup>22</sup> Folkehelseinstituttet

	<b>2010-2014</b>	<b>2011-2015</b>	<b>2012-2016</b>	<b>2013-2017</b>	<b>2014-2018</b>
<b>Hele landet</b>	<b>10</b>	<b>8,6</b>	<b>7,2</b>	<b>6</b>	<b>5</b>
Møre og Romsdal	10,4	9,1	7,4	6,1	5,1
Vanylven	15,4	13,9	8,2	6,5	5,2
Sande	9,5	10,3	9,7	6,3	3,6
Herøy	12,4	12,3	9,1	7,1	6,2
Ulstein	3,6	3,9	3,4	3,5	2,4
Hareid	6	6,3	5,5	6,7	6,6
Ørsta	11,7	11	9,4	8,6	6,8
Volda	7,4	6,5	4,3	2,6	1,9

Antall fødande som oppga at dei røykte ved første svangerskapskontroll.<sup>23</sup>

Ungdataunderøskinga syner at det er fleire ungdomsskuleelevar i Vanylven som røyker eller snusar kvar veke eller dagleg enn snittet i landet og i kommunene rundt, med unntak av Sande som ligg noko høgare på røyk enn Vanylven. Undersøkinga viser at det er fleire gutter enn jenter som brukar tobakk i ungdomsskulealder.

	Landet	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Ørsta	Volda
Røyker	3%	3,2%	4,7%	0,6%	0,7%	0,9%	2,3%
Snuser	4%	8,4%	5,9%	1,0%	0,7%	2,6%	4,6%

Tabell: Ungdomsskuleelevar som røyker eller snusar kvar veke eller dagleg. Kjelde Ungdata 2019

Utdanningsforskjellane i røykevanar blir rekna som ein av dei viktigaste årsakene til sosiale forskellar i levealder.<sup>24</sup>

## Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på fysisk og psykisk helse og livskvalitet, og er med på å redusere risikoen for å utvikle hjarte- og karsjukdomar, slag, diabetes 2 og fleire typar kreft. Anbefalingane frå Helsedirektoratet er at barn og unge bør vere fysisk aktive i minst 60 minutt kvar dag, og denne aktiviteten bør vere variert og med moderat til høg intensitet. Tilrådingane for vaksne og eldre er minst 150 minutt med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet i veka. Dei fleste barn, halvparten av dei unge og om lag ein tredjedel av vanske oppfyller dei nasjonale tilrådingane om fysisk aktivitet.

<sup>23</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>24</sup> Folkehelseinstituttet

Ser vi på andel gutar og jenter som trener sjeldnare enn ein gang i veka, oppgitt ved sesjon 1, ser vi at den ligg høgare for Vanylven enn landet og kommunen rundt, men har hatt ei positiv utvikling frå 2018/19 til 2019/20.<sup>25</sup> Dei andre svaralternativa var at dei trena frå 1 til fleire enn 5 ganger i veka.

	2018-2019*	2019-2020
Landet	25	27
Møre og Romsdal	25	26
Vanylven	36	33
Sande	35	34
Herøy	23	29
Ulstein	16	22
Hareid	24	32
Ørsta	27	30
Volda	18	22

Blant ungdomsskuleeleverne i kommunen oppgir 75% at dei trenar minst ein gong i veka. Snittet i fylket er 82% og for landet 83%. Det er fleire jenter enn gutter som oppgir at dei trenar minst ein gong i veka.<sup>26</sup>

## Overvekt og fedme

Overvekt og fedme gir i følgje Folkehelseinstituttet auka risiko for diabetes type 2, hjarte- og karsjukdomar, høgt blodtrykk, slitasjegikt i kne og hofter og einskilde kreftsjudkomar. I tillegg kan det også gi alvorlege psykiske helsekonsekvensar.

Overvekt og fedme, sjølvrapportert ved sesjon 1 med gjennomsnitt over 4 år, viser at KMI lik eller over 25kg/m<sup>2</sup> hadde auka. I 2011-2014 var gjennomsnittet for Vanylven 22% medan det i 2017 – 2020 var 30%. Ved svangerskapskontroll med glidande 3 års gjennomsnitt hadde det derimot gått ned frå 47% i 2012 – 2014 med KMI over eller lik 25 til 39% i 2016 – 2018.

Blant små barn og i barneskulen ser ein ikkje ein utprega fedmeproblematikk i kommunen. Barna er aktive i barnehagen og på barneskulen. Målingar skulehelsetenesta gjer i 3. og 8. klasse tyder forøvrig på at det er ei negativ utvikling blant barn frå målingane som er gjort i småskulen og til målingane på ungdomsskulen. Målingane i 8.klasse er bekymringsfulle og det er difor nærliggande å tru at det er ein tendens som opptrer på mellomtrinnet og vidare inn i ungdomsskulen som er uheldig. Å etablere ei betre oppfølging knytt til overvekt og fedme ligg som ein del av styrkingsprosjektet til helsestasjonen.

## Kosthald

Nasjonale kartleggingar syner at folk i Noreg et meir frukt og grønt enn før, men inntaket av sukker, salt og umetta feitt er framleis for høgt. Personar med lågare sosioøkonomisk status har eit mindre sunt kosthald enn dei med høg sosioøkonomisk status<sup>27</sup>

---

<sup>25</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>26</sup> Ungdata 2019

<sup>27</sup> Helsedirektoratet


Ungdata undersøkinga syner at dei fleste ungdomsskuleeleverne et frukt og bær, grønsaker og salat fleire gongar i veka, og også grov bakst. Det er litt færre som et fisk til middag eller som pålegg, men det er framleis om lag 50% som et det meir enn 1 gong i veka.



Tabell henta frå Ungdata undersøkinga i Vanylven 2019.

Ungdata frå 2019 syner også at 20% av ungdomsskuleeleverne drikker energidrikk minst ein gong i veka, og av desse er det 8% som drikker det mellom 4 og 7 dagar i veka. Dei fleste drikker vanleg vatn kvar dag eller fleire dagar i veka.

### Så ofte drikk ungdom...



Tabell henta frå Ungdata undersøkinga i Vanylven 2019.

Helsedirektoratet reknar med at rundt ein tredjedel av dei eldre pasientane i sjukehus og i helse- og omsorgstenestene i kommunane er underernærte eller i risiko for å bli det. Det skal gjerast ernæringskartlegging og setjast i verk tiltak ved behov. Måltidsmiljøet er også viktig både for matlyst og trivsel. For bebruarane på institusjon eller heimebuande med middagslevering eller fullkost i Vanylven kommune vert det køyrt ut varierte middagar for å dekke ernæringsbehova til målgruppa.

På dagtilbod vert det servert varm middag til deltakarane som dei et i fellesskap. Vanylven har eit produksjonskjøkken som lagar all maten som vert köyrt ut til dei ulike bueiningane.

## Rusmiddel

Alkohol er det rusmiddelet som er mest nytta i vårt samfunn og gjev mest helseskade. Akutte skader i rusa tilstand er kjent. Høg bruk aukar risiko for dårlegare helse og sjukdom i tillegg til redusert levealder. Alkohol er for mange ei kjelde til nytting og glede, men alkoholbruk er også årsak til store folkehelseproblem.<sup>28</sup>

Standardiserte tall på fhi viser at 22% av ungdomsskuleelevar i Vanylven har drukke så mykje at dei tydeleg har vore rusa det siste året, mot 13% både i landet og i fylket. Dette er ei auke frå ungdata undersøkingane i 2013 og 2016. Det er fleire gutter enn jenter som svarar at dei har vore tydeleg berusa, og dei fleste går i 10.klasse.

Omsatt alkohol i daglegvarebutikkar og Vinmonopol har vore jamt mellom 4.1 og 4.4 liter rein alkohol per innbyggjar 15 år og eldre for årstala 2012 – 2016 for Vanylven. Dette ligg under snittet for landet som er 5 liter og for Møre og Romsdal der snittet er 4.8 liter i 2016. For landet og fylket har også tala holdt seg stabile i perioda 2012 – 2016.

Gjennom kvalitative intervju gjennomført i 2019/2020 kjem det frå fleire ulike tenester fram ei bekymring for bruk av ulovlege rusmiddel i kommunen, heilt ned i 14 års alderen. Rusmiljøpet er eit inkluderande miljø, der mykje foregår gøynt inne i husa. I Vanylven, som i alle andre kommuner, får ein tak i alt av rusmiddel.

## Skjermbruk

Elevane på mellomtrinnet har ei fordeling der ein fjerdedel svarer at dei brukar mindre enn 2 timer foran ein skjerm på fritida i tillegg til skullearbeid. Tre fjerdedeler svarar at dei er minst 2 timer på skjerm på ein vanleg dag. 99% av elevane brukar skjermtida til til å sjå på TV, film/serier eller YouTube. 92% brukar også skjermtida på spel på telefon eller nettbrett og 86% er innom sosiale medier.

Blant ungdomsskuleelevane i 2019 er det 49% som svarar at dei bruker meir enn 4 timer på ein vanleg dag på skjerm. Det er langt høgare enn snittet for landet som er 31%. Berre 4% av ungdomsskuleelevane brukar under 2 timer på skjerm i løpet av ein dag. Tilsvarande for landet er 19%. Blant ungdomsskuleelevane i Vanylven er det sosiale medium og filmar/serier/YouTube som er hyppigast besøkt. Av dei som spelar på nett er det langt fleire gutter enn jenter.


## Søvn

Søvn er viktig for god helse. Dårleg eller for lite søvn kan påverke humør, konsentrasjon og yteevne. Ser vi på resultata frå Ungdata underøskinga i 2019 så er det 35,9% som oppgir at dei har hatt søvnproblem. Det er høgast på øvre Sunnmøre, der snittet for ungdomsskuleelevane er 23,3%. Blant elevane på mellomtrinnet er det om lag ein fjerdedel som svarar at dei sov mindre enn 8 timer natta før undersøkinga, og like mange som svarer at dei ofte eller veldig ofte har hatt problem med å sove. Skulen fangar også opp at fleire får for lite søvn og er trøytte på skulen.

---

<sup>28</sup> Folkehelseinstituttet

## ***Helsetilstand***



Helsetilstand er befolkninga si helse målt ved ulike mål, til dømes risikofaktorar, førebyggbare sjukdomar, trivsel og meistringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær.  
(Helsedirektoratet)

### **Hovedtrekk for Vanylven**


- Fleirtalet av Vanylvingane har god helse og er friske
- Auke av psykiske plager og symptom, både ut i frå bruk av legemiddel og bruk av primærhelsetenesta
- Auke i depressive symptom og einsemd blant ungdom
- Vanylven ligg høgare enn snittet for landet og fylket på dødlighet knytt til hjarte- og karsjukdom
- Færre døyr av kreft i Vanylven enn snittet for landet og i fylket
- Auke i førekomensten av KOLS og astma
- Vanylven ligg høgt på førekomst av muskel- og skelettlidinger, både blant unge og vaksne

## Vurdering av årsaker og konsekvensar for folkehelsa

I folkehelsesamanheng er det viktig å rette meksemda mot tilstandar som har eit vesentleg potensial når det gjeld førebygging, og som er relativt vanlege i befolkninga. Vanylven har ein høg prosent eldre i kommunen. Risikoene for ulike sjukdommar aukar med alder.

Ei markant endring i helsetilstanden til innbyggjarane i Vanylven er ei auke på depressive symptom og auke i einsemd. God psykisk helse handlar om å oppleve livskvalitet. Livskvalitet er å ha det bra og å ha ressursar til å takle utfordringar i kvardagen, oppleve meining og utvikle seg og vere i gode relasjoner.

### Berekraftsmål



### Levealder og dødlighet

Forventa levealder i Vanylven har halde seg stabilt siste åra, og er ganske likt med landet og Møre og Romsdal. For menn i Vanylven er forventa levealder 80,2 år og for kvinner 84,9 år, medan det for landet er 79,6 år for menn og 83,7 år for kvinner.

Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten er størst for gruppa med lang utdanning og høg inntekt. Til dømes har denne gruppa høgare forventa levelader enn gruppa med kortare utdanning og lågare inntekt. Utjamning av sosiale helseskilnadar er ei viktig målsetting i folkehelsearbeidet.<sup>29</sup>

### Psykisk helse

Psykiske plager er mellom dei største folkehelseutfordringane i Noreg. Nær halvparten av alle nordmenn vert ramma av ei psykisk liding i løpet av livet. Angst, depresjon og rusrelatert sjukdom er dei tre vanlegaste gruppene. Psykiske plager er også svært vanleg blant barn og unge.

Psykisk sjukdom er ei vesentleg årsak til at om lag ein fjerdedel av personar i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet. Psykiske lidinger medfører fleire tapte arbeidsår enn alle andre sjukdommar på grunn av at uførepensjon grunna psykiske lidinger vert innvilga ved yngre alder enn for somatiske sjukdommar. I følgje WHO vil den samla belastninga med uførheit og for tidleg død på grunn av depresjon auke, og i 2020 vil psykiske plager vere den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning i vestlige land.

<sup>29</sup> Folkehelseinstituttet

	Alder	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2016-2018	2017-2019
<b>Heile landet</b>	0-74 år	145	149	152	154	157
	15-24 år	137	143	149	156	163
<b>Møre og Romsdal</b>	0-74 år	137	142	145	149	153
	15-24 år	129	135	144	153	161
<b>Vanylven</b>	0-74 år	117	121	131	147	161
	15-24 år	114	110	126	149	177
<b>Sande</b>	0-74 år	122	124	132	140	144
	15-24 år	107	116	125	141	153
<b>Herøy</b>	0-74 år	124	125	128	131	137
	15-24 år	104	113	126	132	139
<b>Ulstein</b>	0-74 år	121	126	128	129	133
	15-24 år	125	138	147	149	148
<b>Hareid</b>	0-74 år	145	151	153	155	158
	15-24 år	166	171	176	176	180
<b>Ørsta</b>	0-74 år	146	155	161	164	171
	15-24 år	143	149	152	159	175
<b>Volda</b>	0-74 år	122	134	146	157	166
	15-24 år	105	119	130	140	148

Primærhelsetjenesten, brukere (B, inndeling per 1.1.2020) – kjønn samlet, per 1000, standardisert<sup>30</sup>

Målt etter bruken av primærhelsetenesta ser det ut til å vere noko høgare psykiske lidinger i Vanylven kommune enn elles i landet, og kommunen ligg også blant dei med høgaste tall på søre Sunnmøre. Vi ser at det har vore ei forholdsvis stor auke siste åra. Dette gjenspeglar seg også i bruk av legemidlar ved psykisk liding som ligg noko høgare for Vanylven enn landet elles og har vore aukande siste åra. Gjennom Ungdata rapporterer også ungdomsskuleelevarane aukande grad av depressive symptom og einsemd. Nærare 40% av ungdomsskuleelevarane svarer at dei har vore ganske mykje eller veldig mykje plaga av å kjenne seg ulykkeleg, trist eller deprimert. Det er fleire jenter enn gutter som svarer at dei er mykje plaga med depressive symptopm. Dette stemmer med dei kvalitative intervjua som har vore gjennomført, både på legekontoret i kommunen, i oppvekstsektoren og helsestasjonen.

## Hjarte- og karsjukdomar

Vanylven kommune ligg under landsgjennomsnittet på hjarte- og karsjukdom målt i bruk av primærhelsetenesta, men over snittet i bruk av legemiddel på bruk mot hjarte- og karsjukdom. Bruken av spesialisthelsetenesta har siste åra gått ned. Ser ein på statistikk på antal unike personar med hjarte- og kardiagnose per 1000 innbyggjar med samla tall for sjukehusinnleggelsar og dødsfall ser vi at Vanylven ligg over landsgjennomsnittet, sjølv om det har minka noko frå 2012-2014 til 2016-2018. Snittet i landet per 1000 er 17,4 i 2016-2018, medan det for Vanylven er 19,3. Dette er også høgst for kommunane på søre Sunnmøre. Langt fleire menn enn kvinner dør av hjarte- og karsjukdomar i landet og Vanylven.<sup>31</sup>

<sup>30</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>31</sup> Kommunehelsa statistikkbank

Utbreiing av hjarte- og karsjukdom kan gi infomasjon om levevaner til befolkninga. Når det gjeld diabetes type 2 ser vi på statistikk på bruk av legemidler til behandling av type 2-diabetes. Tala er samla for kjønna og per 1000 innbyggjarar. Her ser vi også ei auke siste tiåret, og Vanylven ligg litt under snittet for landet og jamt med Møre og Romsdal fylke.

I åra framover forventar ein at det vil bli fleire som lever med hjarte- og karsjukdom, på grunn av aukande del eldre i befolkninga.

## Kreft

Fleire vil leve med ein kreftdiagnose i framtida som følgje av at fleire overlever sjukdomen. Om lag 70% av kreftpasientane overlever sjukdomen i minst fem år. Lungekreft er den kreftforma som tek flest liv. Det er færre tilfeller av lungekreft i Vanylven per 1000 innbyggjarar enn det er på lands- og fylkesbasis. Nye tilfeller av kreft er størst hos menn, der prostatakreft er den vanlegaste krefttypen. Hos kvinner er det mest vanleg med brystkreft, her har det også vore ei stor auke i nye tilfeller frå 59 per 1000 innbyggjarar i 2004-2013 til 124 per 1000 i 2010-2019. Per 1000 på landsbasis var det i 2010-2019 129 nye tilfeller av brystkreft.

Det er færre som dør av kreft i Vanylven enn snittet i fylket og på landsbasis. Det er fleire menn enn kvinner som dør av ei kreftdiagnose.<sup>32</sup>

## KOLS og astma

Førekomsten av KOLS og astma er aukande om ein ser på legemiddelbrukarar i alderen 45-74 år. Per 1000 innbyggjarar er det i Vanylven 113,4 personar som brukar legemiddel (3 års glidande gjennomsnitt 2018-2020). Dette er under nivået for landet, som er 114,4 personar, men over fylket som er 107,5 personar. Førekomsten av legemiddelbruk i forbindelse med KOLS eller astma har auka i Vanylven og er høgst av kommunane på søre Sunnmøre. Førekomsten er høgast blant kvinner.

## Muskel og skjelett

Møre og Romsdal ligg over landet sett under eitt når det gjeld unike personar som har vore i kontakt med fastlege eller legevakt på grunn av muskel- og skjelettplager. I 2017-2019 var det 390 unike personar i Vanylven som var i kontakt med fastlege eller legevakt per 1000 innbyggjarar. Dette er høgare enn fylket som i same periode hadde eit snitt på 346. Snittet til Vanylven er også av dei høgaste av kommunane på søre Sunnmøre. Ser ein på statistikken for sjukdom i muskel-skjelettsystemet og bindevev der pasienten har vore innlagt ligg Vanylven godt over snittet for landet og fylket, og også høgast av kommunene på søre Sunnmøre. Tallet for landet er 16,8, for Møre og Romsdal er det 19,5 og for Vanylven 23,7.<sup>33</sup>

Gjennom Ungdata undersøkjinga i 2019 er det 4 av 10 som rapporterer at dei har nokre gongar/mange gongar eller dagleg nakke- og skuldersmerter, medan det er om lag 1 av 2 som rapporterer at dei nokon gongar/mange gongar eller dagleg har ledd- og muskelsmerter. 9 av 10 rapporterer hovudverk, 4 av 10 mange gongar eller dagleg. Fleire jenter enn gutter er plaga.

---

<sup>32</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>33</sup> Kommunehelsa statistikkbank

Muskel- og skelelettsjukdomar er ei av dei vanlegaste årsakene til sjukefråvær og uførleik. Samla sett har mange typar av muskel- og skelelettsjukdomar og plagar samanheng med aldring, stillesittande livsstil og til dels også overvekt. Mekaniske og psykososiale forhold har og betydning for utvikling av muskel- og skelelettplager.

## **Demens**

Demens skuldast biologiske endringar i hjerna som fører til svikt i mentale funksjonar. Risikoен for demens aukar sterkt med aukande alder. Folkehelseinstituttet anslår at ein av fire over 85 år vert ramma. Den demografiske utviklinga vil gi fleire eldre, og vi må difor rekne med at fleire vil trenge behandling for demens. På landsbasis trur ein at førekomenstilstanden vil doble seg dei neste tiåra. Vi har ikkje eigne tal i frå Vanylven på dette.

## **Tenner og oral helse**

God tannhelse er god folkehelse, og god oral helse betyr mykje for språk, inntak av næring, sosial omgang og livskvalitet. Karies blir brukt som indikator for å synleggjere tannhelsetilstanden. Møre og Romsdal ligg noko dårligare enn gjennomsnittet for landet blant 12 og 18 åringane. Behovet for å arbeide med førebyggande tiltak retta mot barn og unge er stort, og mange av dei same faktorane som gir god tannhelse gir også god helse. Det er difor viktig med gode tverrfaglege samarbeid mellom kommune og tannehelsetenesta.

Det blir fleire eldre i befolkninga, og dei fleste har eigne tenner med ulike hjelpebehov. Utarbeidde samarbeidsrutiner mellom tannehelsetenesta og dei kommunale helse- og omsorgstenestene er viktig for å kunne hjelpe til i det førebyggande arbeidet for denne aldersgruppa.

## **Eigenvurdert helse**

Korleis individua vurderer si eiga helse har fått større merksemd dei siste åra. Ungdata undersøkinga i 2019 viser at 64% av ungdomsskuleelevarne er fornøgd med eiga helse. Dette er ein nedgang frå 2013 og 2016 då det var henholdsvis 74% og 73% som var nøgde med helsa. Blant elevane på mellomtrinnet var det om lag 90% som var fornøgd med livet og korleis ein sjølv er.

Vurdering av eiga helse bør sjåast i samanheng med fysiske plagar, kosthald, trening og psykiske plager. Mange unge slit psykisk i periodar. For dei fleste går slike symptom over, men for nokon blir dei varige. Forsking gir inga eintydige svar på om psykiske problem aukar blant unge. Det er likevel fleire studiar som tyder på at stadig fleire jenter enn før rapporterer om ulike slags psykiske helseplager.